

Brannvern

Kostradokument nr. 12

Førebuande dokument til arbeidet med budsjettet for 2010

**Gjennomgang av funksjonar
under rammeområdet
Brannvern**

**Oversikt over rammeområdet
Brannvern**

Brannvern - Budsjett pr. 1. tertial 2009

Funksjon/ Tenester	Tekst	Netto utg Rek- 07	Netto utg Rek-08	Br. utg. 1T 09	Inntekt 1T- 09	Fond 1T-09	Netto utg 1T-09
		0					
33810	Branntilsyn	435	467	535	-20	0	515
33811	Informasjonsarbeid	113	125	151	-8	0	143
33820	Feiing	56	-1	1 073	-979	0	94
338	Førebygging av brannar og andre ulukker	604	591	1 759	-1 007	0	752
		0					
33900	Brannvern	5 480	5 615	5 151	-357	0	4 794
33910	Beredskap akutt forureining	0	0	0	0	0	0
33920	Drift og tilsyn av brannstasjonar	189	181	206	-18	0	189
33922	Vedlikehald av brannstasjonar	27	5	62	-12	0	49
33923	Nybygg og utvikling av brannstasjonar	0	0	0	0	0	0
33925	Reinhald av brannstasjonar	8	6	0	0	0	0
339	Beredskap mot brannar og andre ulukker	5 704	5 806	5 419	-387	0	5 032
		0					
Brann og ulykkesvern		6 307	6 397	7 178	-1 394	0	5 784

Dette rammeområdet har 2 funksjonar og 6 aktive tenester.

Funksjonane er:

- 338 Førebygging av brannar og andre ulukker
- 339 Beredskap mot brannar og andre ulukker

Brutto utgift i 2009 er budsjettert til 7,2 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 5,8 mill. kr. Dette utgjør 1,3 prosent av samla brutto utgifter i heradet.

KOSTRA - samanlikning 2008

Tekst	Kvam	Grupper. 11	Gj.snitt landet
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner	776	552	625

Årsaka til at Kvam herad ligg over snittet er den desentraliserte strukturen vi har. Langt herad 4 stasjonar og til saman 52 mann gir ein høg driftsutgift.

Funksjon 338 Førebygging av brannar og andre ulukker

Funksjonen har 3 tenester;

33810 Branntilsyn

33811 Informasjonsarbeid

33820 Feiing

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 0,6 mill. kr. som er uendra i høve til rekneskapen 2007.

Budsjett i 2009 viser ei bruttoutgift på 1,8 mill. kr. og ei netto utgift på 0,75 mill. kr. Dette er ein auke på 0,15 mill. kr. i høve til rekneskapen for 2008.

Teneste 33810 Branntilsyn

1. Økonomi

33810 - BRANNTILSYN

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	428	463	496
herav fast løn (konto 10100)	320	341	348
Varer og tenester til eigenproduksjon	6	4	31
Tenester som erstattar eigenproduksjon	0	0	5
Overføringar til andre	0	0	3
Sum utgifter	435	467	535
Overføringer med krav til motytelse	-0	-0	-20
Sum inntekter	-0	-0	-20
Netto utgiftsramme	435	467	515
Sum løn i høve sum utgifter	98,5 %	99,1 %	92,7 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 0,47 mill. kr. mot 0,44 i 2007.

Budsjett for 2009:

Tenesta har 0,83 årsverk fordelt på 2 personar. Driftsmidlane gjeld kontorhald.

Tenesta har ei budsjettert bruttoutgift på 0,5 mill. kr. som og er heradet si budsjetterte nettoutgift for 2009. Dette er ein auke i høve til faktisk forbruk i 2008 på 10,3 %.

2. Aktivitet

Tenesta gjeld tilsyn med alle "særskilde brannobjekter" eller såkalla "§13 objekt".

Lovpålagde aktivitetar er all form for tilsyn tillagt førebyggjande avdeling. Eit tilsyn inneber fyrst varsel og kontakt med eigar, (eks. sjukeheim, hotell, industri, barnehage, skule og liknande), før tilsynet tek til. Deretter skal det utarbeidast ei tilbakemelding til eigar kor eventuelle avvik er beskrive. Eigar er forplikta til å svare innan ein fastsett frist, med plan på korleis eventuelle utbetringar vil bli gjort, og kor lang tid ein rekne med å bruka. Tek arbeidet lang tid på alvorlege feil, kan ein krevja kompensierende tiltak inntil utbetring har skjedd. Diverre er det langt frå kvar gong at arbeidet etter eit tilsyn går etter "oppskrifta". Det er til tider svært mykje eigar av §13- objekt ikkje veit korleis skal handterast, og dermed kjem "Informasjonsplikten" (Lov om Brannvern) inn i bilete.

I Kvam har me ca 80 "særskilde brannobjekter" eller §13-objekter. Intensjonen er i fyrste omgang å førebyggja brann og deretter melda frå til andre myndigheiter om lovstridige forhold.

Ikkje lovpålagde aktivitetar er ikkje representert.

3. Endring av aktivitetar

Auking av tilsyn, (jf. DSB, (Direktoratet for Samfunnsikkerheit og Beredskap)) samt prosjekt med fokus spesielt på eldre og helse. Dette og vårt totale antal §13-objekter, betyr at 0,83 årsverk ikkje vil strekkja til. Dette kan kompenseras med å bruka feiaren i heradet.

Vedkommande har meisterbrevet kor førebyggjande arbeide er framtrudande i utdanninga, men han manglar lovpålagt 5 vekers kurs ved Noregs Brannskule før slikt arbeide. Dette kurset søker han på til hausten -09, og han kan væra operativ andre kvartal 2010 om han kjem inn på fyrste kurset.

Meininga er å bruka vedkommande på timebasis i ca 20% stilling om det er rom for dette i budsjettet for 2010.

Teneste 33811 Informasjonsarbeid

1. Økonomi

33811 - INFORMASJONSARBEID

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	113	125	130
herav fast løn (konto 10100)	86	91	93
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	0	17
Overføringar til andre	0	0	4
Sum utgifter	113	125	151
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-8
Sum inntekter	0	0	-8
Netto utgiftsramme	113	125	143
Sum løn i høve sum utgifter	100,0 %	100,0 %	86,4 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på 0,12 mill. kr. Dette er ein auke på 10,6 % i høve til 2007.

Budsjettet for 2009 viser ei nettoutgift på 0,14 mill. kr. Det er budsjettert med 0,22 årsverk til denne tenesta. Driftsutgiftene gjeld læremidlar og undervisningsutstyr.

2. Aktivitet

Delen "Informasjon" er mykje lagt inn i tilsynsdelen, men og innan opplæring i skule og institusjonar. Me har den årlege brannvernveka med mykje besøk spesielt av born med foreldre. Demonstrasjonar i ulike samanhengar, eks. innan trafikkuhell, bruk av gass/propan. Me gjer "objekttilsyn" (eks. hotellet i Øystese) med eigar, for at me skal bli betre kjent inne i bygg i tilfelle brann og andre uhell. Her får baa partar nyttige tips og idear til bruk i krisesituasjonar.

I tillegg kjem oppmøte kor me held innlegg for ulike organisasjonar i samfunnet. Oftast er dette bufellesskap, industri og organisasjonar.

Så kjem me til noko som ikkje er lovpålagt, men kor behovet tydeleg er representert. Før var det og lovpålagt med tilsyn i bustader, men som blei fjerna av DSB. Det er faktisk her me i vårt land har flest omkomne når det gjelde brannar. I 2008 brukte me nokon av dei i beredskapsstyrken vår til å hjelpa til med informasjon i heimane. Dette sette folk pris på, og all tilbakemelding var positiv.

3. Endring av aktivitetar

Sentral påverknad frå DSB (Direktoratet før samfunnstryggleik og beredskap) om auke innan prosjektarbeid for eldre og helsesektoren. Sjå elles under "Branntilsyn" og pkt. 3. "Endringar av aktivitetar".

Teneste 33820 Feiing

1. Økonomi

33820 - FEIING

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon) herav fast løn (konto 10100)	50 38	57 41	59 42
Varer og tenester til eigenproduksjon	63	81	76
Tenester som erstattar eigenproduksjon	876	844	935
Overføringar til andre	0	0	3
Sum utgifter	989	982	1 073
Salsinntekter	-933	-982	-974
Overføringer med krav til motytelse	0	0	-5
Sum inntekter	-933	-982	-979
Netto utgiftsramme	56	-1	94
Sum løn i høve sum utgifter	5,1 %	5,8 %	5,5 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift i balanse. Mesteparten av utgiftene gjeld feiing som vert utført på kontrakt. Inntektssida gjeld kommunalt gebyr for feiing.

Budsjett for 2009 viser ei netto utgiftsramme på 0,1 mill. kr.

2. Aktivitet

Rimeleg stabil aktivitet. Kvam har kontraktfesta ordning med privat aktør. Avtalen er på 5 år og gjeld perioden 2009 – 2014.

Årsgebyr for feiing	Eining	Pris 2009
Feiing for hus med 1 pipe	pr pipe	350,00
Tillegg fleire piper	pr pipe	200,00
25 % mva skal leggjast til alle gebyr		

3. Endring av aktivitetar

Det er ønskjeleg å nytta feiaren (har meisterbrevet) til auka tilsyn med bustadar og prosjekt for eldre og helse. Sjå elles under ”Branntilsyn” og pkt. 3. ”Endringar av aktivitetar, og under Informasjonsarbeid” ”Aktivitet” pkt. 2.

Funksjon 339 Beredskap mot brannar og andre ulukker

Funksjonen har 4 aktive tenester;

33900 Brannvern

33910 Beredskap akutt forureining

33920 Drift og tilsyn av brannstasjonar

33922 Vedlikehald av brannstasjonar

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift for heradet på 5,8 mill. kr. Tilsvarende tal i 2007 var 5,7 mill. kr.

I budsjett for 2009 er netto utgiftsramme 5,0 mill. kr. , dvs. ein reduksjon på knappe 0,8 mill. kr. i høve til faktisk forbruk i 2008.

Teneste 33900 Brannvern

1. Økonomi

33900 - BRANNVERN

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	3 416	3 377	3 503
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	304	321	327
Varer og tenester til eigenproduksjon	851	1 561	723
Tenester som erstattar eigenproduksjon	717	620	566
Overføringar til andre	264	284	151
Finansutgifter	578	289	209
Sum utgifter	5 826	6 131	5 151
Salsinntekter	0	0	-250
Overføringer med krav til motytelse	-346	-445	-107
Finansinntekter	0	-71	0
Sum inntekter	-346	-516	-357
Netto utgiftsramme	5 480	5 615	4 794
Sum løn i høve sum utgifter	58,6 %	55,1 %	68,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei netto utgift på 5,6 mill. kr. Dette er 2,5 % meir enn i 2007.

Budsjett for 2009 viser ei bruttoutgift på 5,1 mill. kr. og ei netto utgiftsramme på 4,8 mill. kr. som er 0,8 mill. kr. lågare enn faktisk forbruk i 2008.

Tenesta har 0,75 årsverk. Resten av lønskostnadane er vakt-, øvings- og utrykingstillegg, samt pensjonar og avgifter.

Driftsmidlane gjeld bl.a. kontohald, verneutstyr, kursavgift, vedlikehald av utstyr, kjøp av alarmteneste (110) og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste. Finansutgiftene er avskrivningar.

Salsinntekta på 0,25 mill. kr. er eigentleg innsparingskrav som følgje av forslag om vaksamarbeid med Kvam kraftverk AS. Dette er vanskeleg gjennomføra i praksis.

2. Aktivitet

Tenesta er lovpålagt.

ROS - analyse (grovanalyse) viser behov for ei organisering som tek omsyn til Kvamskogen og andre beredskapsmessige områdar (sjø/vatn og fjell) som manglar delar av nødvendig og forsvarleg beredskap. Følgjande kan gjennomførast for å få betre beredskap og lågare investeringsutgifter:

- I staden for store/tunge/dyre bilar kan me over til "Framskutte Einingar". Mindre bilar med ny sløkketeknologi til ca ein 1/3 del av prisen.
- Brannbilen i Øystese kan seljast. Framskutt eining erstattar denne.
- Framskutt eining til Norheimsund. Erstattar bilen som kan flyttast til Oma.

Dersom me kjøper ny vanleg konvensjonell bil til Oma, kjem denne på 3,5 - 4 mill. kr. Om ca. 3-4 år må bilen i Norheimsund bytast og da får me nye 3,5-4 mill. kr. i investeringsutgift. Bilen som kan flyttast til Oma, vil greitt leva i 10 år til med den frekvensen dei har på øvingar og utrykkingar.

Framskutte einingar er mindre bilar me ikkje trenge folk med utvida førarkort til. (*Her vil me og spara på investeringa.*) Dei er utrusta med ny sløkketeknologi som tek mykje mindre plass, men som har ein høgeffektiv verknad på til eksempel bustadbrann. I tillegg kjem ein raskare fram med mindre bilar.

For at me ikkje skal koma i konflikt med våre forskrifter, kan ei slik ordning gjerast med å kompensera med fast vakt på vasstankbilen og eit vaktlag på totalt 5 personar. Då slepp me å senda 4 utrykningsleiarar på kurs slik situasjonen er i dag! Og ha totalt 8 utrykningsleiarar når me treng berre 4, blir resultatet med berre totalt 3 på eit vaktlag. Investeringsbehovet blir for bilar med utstyr på 3,3 mil i 2010. Drift må aukast med vel 0,23 mil. som er for 2 mann til på vakt.

Innsparing:

- På 3 - 4 år ca. 0,4 mil. på utdanning av 4 utrykningsleiare.
- På 2 år ca. 0,32 mil. på krav om utvida førarkort.
- På 3-4 år 3,5 – 4 mil. på ny bil til Norheimsund.
- Kvart år ca. 50 tusen på vedlikehald av bilane med ny organisering.

3. Endring av aktivitetar

Auka aktivitet på innsatsområdet kor me etter ROS-analyse ikkje har for mykje å hjelpa oss med. Eks. innsats i vanskeleg terreng og på sjø/vann. Kan gjerast indirekte med mindre kostnader dersom ny organisering vert teke omsyn til. Sparar 3-4 mill. kr. i investering. Vaktlag på totalt 5 må innførast som kompensasjon for mindre bilar (ca. 0,23 mill. kr. i auka driftsutgifter.) Totalt betyr dette 2 personar til på vakt, slik at ein kan starta ein fyrsteinnsats uansett hending.

Oppretting av $\frac{3}{4}$ stilling innan kurs/opplæring. Skal me ha ein moglegheit innan eit framtidig mogleg IKS, må me ha min. $\frac{3}{4}$ stilling innan undervisning. Men uansett vil det vera god økonomi å gjera ei slik tilsetning med bakgrunn i dei behova for kurs og opplæringar private/bedrifter og kommunar etterspør. ”Blålyskurs” er eit krav myndigheitene set for å få køyra utrykking. Me treng å få fleire godkjent (10 stk), og til det må me ha godkjent instruktør. Kurset kan haldast i Kvam med ekstern instruktør. Ein ca kostnad på dette ligge på 0,1 mill. kr. til dekning av instruktør og tapt arbeidsforteneste før deltakarane.

Det er tinga ny pumpe til branntilhengjar på Oma til ein kostnad på om lag 0,15 mill. kr. som vert levert i 2010. Dette er til erstatning for 35 år gamal pumpe som ikkje lenger let seg reparere.

Teneste 33910 Beredskap akutt forureining

1. Økonomi

33910 - BEREDSKAP AKUTT FORUREINING

Postar	R-07	R-08	B-09
Varer og tenester til eigenproduksjon	0	0	0
Overføringer til andre	0	0	0
Sum utgifter	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	0	0	0
Sum inntekter	0	0	0
Netto utgiftsramme	0	0	0
Sum løn i høve sum utgifter	#DIV/0!	#DIV/0!	#DIV/0!

IUA Hardanger : Interkommunalt Utval mot Akutt forureining land/sjø.

Tenesta skal i hovudsak styrast av IUA Hardanger, men systemet er lite oppe og går i dag. Brannsjefen i Kvam er for tid styreleiar i IUA Hardanger og kjem til å fremja sak om ein auke av kontingenten frå kr. 2,- til ca. kr. 11,- per innbyggjar i kommunane dette gjeld. (Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik). Dette for å finansiera manglande utstyr og få på plass ei teneste som vil fungera.

Dette betyr ein auke frå ca kr. 16' i dag til knappe kr. 100' i framtida. Budsjettert kontingent er i 2009 ført på teneste 33900 Brannvern, men bør overførast til teneste 33910.

2. Aktivitet

Farleg gods opplæring/øving etter årlege øvingsplanar.

3. Endring av aktivitetar

- Få Interkommunal Akutt Forureining, (IUA) satt i system og gjort verksam. Jf. sak til Hardangerrådet hausten d.å.
- Kvam herad v/brannsjefen har teke over som leiar for Hardanger IUA.
- Tilførsel av utstyr for gassmåling er nødvendig.
- Auka kontingent frå kr. 2,- til kr. 11,- pr innbyggjar.
- Rådmannen i Kvam har teke initiativ til ei interkommunal løysing i Hardanger. Dette vil han følgje opp i rådmannsmøte 12. september 2009.

Teneste 33920 Drift og tilsyn av brannstasjonar

1. Økonomi

33920 - DRIFT OG TILSYN AV BRANNSTASJONAR

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønnskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	58	60	60
herav fast løn (konto 10100)	44	45	44
Varer og tenester til eigenproduksjon	49	43	52
Tenester som erstattar eigenproduksjon	4	0	0
Overføringar til andre	16	11	17
Finansutgifter	78	78	78
Sum utgifter	205	191	206
Overføringer med krav til motytelse	-16	-11	-18
Sum inntekter	-16	-11	-18
Netto utgiftsramme	189	181	189
Sum løn i høve sum utgifter	28,3 %	31,5 %	28,9 %

Rekneskapen for 2008 viser ei bruttoutgift på 0,2 mill. kr. og ei nettoutgift på 0,19 mill. kr. Dette er om lag uendra frå 2007.

Budsjettet for 2009 er om lag uendra i høve rekneskapet for 2008. Lønsbudsjettet er på 0,1 årsverk. Resten av utgiftene vert nytta til straum, drift, service og reparasjon av teknisk utstyr. Finansutgiftene gjeld avskrivningar på brannstasjonen i Øystese.

2. Aktivitet

Kvam og Norheimsund treng ein brannstasjon med føresetnadar til dagens og framtidens utfordringar. Dagens brannstasjon er ein garasje kor lite stettar HMS - krava. Jf. eit mogleg framtidig IKS, så har me dårlege føresetnadar før å driva dette etter dei HMS - krava som vert stilte. Stasjonen i Øystese er bra for oppbevaring av bilar og utstyr, men har ingen av dei nødvendige fasilitetar for å tilfredsstilla dei utfordringar me står ovanfor i dag og for framtida. Stasjonen er dessutan blitt rimeleg innebygd i dag, noko som hindrar mykje av den stasjonsaktiviteten me er avhengige av.

3. Endring av aktivitetar

- Den beste løysinga i dag er å selja stasjonen i Øystese og bruka desse midlane til ein "ny" stasjon.

Teneste 33922 Vedlikehold av brannstasjonar

1. Økonomi

**33922 - VEDLIKEHALD AV
BRANNSTASJONAR**

Postar	R-07	R-08	B-09
Lønskostnader (ekskl. sjukelønsrefusjon)	0	0	0
<i>herav fast løn (konto 10100)</i>	-0	0	0
Varer og tenester til eigenproduksjon	27	5	49
Overføringar til andre	7	1	12
Sum utgifter	34	6	62
Overføringer med krav til motytelse	-7	-1	-12
Sum inntekter	-7	-1	-12
Netto utgiftsramme	27	5	49
Sum løn i høve sum utgifter	1,0 %	0,0 %	0,0 %

Rekneskapen for 2008 viser ei nettoutgift på kr. 5'. Dette er kr. 22' mindre enn i 2007. Midlane går til vedlikehold av brannstasjonane.

I budsjett for 2009 er det sett av kr. 49' til vedlikehold av brannstasjonane.

2. Aktivitet

Vedlikehold av brannstasjonane i Kvam.

3. Endring av aktivitetar

Ingen planlagde endringar.